Eigarskapskontrollen bør vere forbetningsorientert, og ha som formål å gje tilråding om tiltak til kommunestyret, dersom det vert avdekka forbetningsområder. På ein slik måte vil eigarskapskontrollen kunne vere eit bidrag inn i det strategiske arbeidet knytt til kommunen si eigarstyring. Kva punkt eigarskapskontrollen omfattar finn ein igjen i planen for eigarskapskontroll.

Nokre spørsmål som gjerne kan bli stilte til kommunen som eigar og forvaltar av offentlege interesser kan vere:

- Kva er målsetjinga med eigarskapet, er der etablert konkrete mål?
- Kva er strategien til kommunen for å nå målsetjinga med det å eige selskapet?
- På kva måte tek strategien omsyn til forventna framtidig utvikling?
- Korleis blir strategien sett ut i livet? Kor tydeleg er handlingsplanen eller andre føringar for eigarskapet?
- Korleis fører kommunen kontroll med om målsetjinga blir nådd?
- Korleis blir avvik frå måla behandla når/dersom resultata ikkje er som føresett?

I forhold til selskapet kan det t.d. bli stilt slike spørsmål:

- Korleis tilfører selskapet den nødvendige informasjonen til kommunen som eigar?
- På kva måte får, svarer og etterlever selskapet styringssignala som kjem frå eigaren?
- Har styret i selskapet den kompetansen som er naudsynt?
- Korleis samsvarer selskapet sitt verdisett og etisk standard med Ålesund kommune sine verdier og etiske standard?
- På kva måte tek selskapa omsyn til FN sine bærekraftsmål?

Kontrollutvalet skal, med utgangspunkt i utført ROV-vurdering, plan for eigarskapskontroll og Ålesund kommune si eigarskapsmelding, bruke tid på å drøfte og gjere eit val på kva som de ynskjer å prioritere for ein eigarskapskontroll og kva de ynskjer skal bli lagt vekt på. Om det skal vere ein generell eigarskapskontroll knytt til eit eller fleire selskap eller om det bør vere ei spesiell vinkling mot eit tema knytt til eit eller fleire selskap.

Kontrollutvala arbeider etter ein bestiller - utførarmodell der kontrollutvalet har rolla som bestiller og revisjonen har rolla som utfører. Sekretariatet som er administrasjonen til kontrollutvalet, skal hjelpe utvalet i å utføre bestillingane og føl opp status og framdrift.

Utvalet kan bestille forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og eventuelt andre undersøkingar, mens rekneskapsrevisjon er eit løpande oppdrag som går uten ei særskilt bestilling.

Revisor skal gjennomføre eigarskapskontroll i samsvar med kontrollutvalet si bestilling, og skal forsikre seg om at kontrollutvalet og revisor har lik forståing av oppdraget og at rammene er tilstrekkeleg klarlagt. Revisjonen rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kontrollutvalet, som igjen rapporterer til kommunestyret.

For saker som kjem frå revisjonen, vil oppgåva til sekretariatet i hovudsak vere å sikre at produktet er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet. Sekretariatet skal ikkje vurdere

metodeval, prosjektdesign, datainnhenting, lovbruk og vurderingar som framkjem i rapportane til revisor. Dette må revisor sjølv bere ansvaret for gjennom dei kvalitetssystema som skal vareta dette.

Tilråding til vedtak

Kontrollutvalet tilrår at det vert gjort eigarskapskontroll på og ber om at det vert utarbeidd ein prosjektplan for dette til neste møte i utvalet.



Saksgang: kontrollutvalet
Sak nr.: 32/21

Møtedato: 01. september 2021
Sakshandsamar: Solveig Kvamme

MELDINGAR

- a) Protokolltilførsel frå tre kommunestyrerepresentantar, om oppfølging av sak
- b) Oppfølgingsliste over kontrollutvalet sine saker 2020 og 2021

Vedlegg:

- Utskrift av protokolltilførsel frå kommunestyret i Ks-sak 174/21
- Oppfølgingsliste kontrollutvalet sine saker 2020
- Oppfølgingsliste kontrollutvalet sine saker 2021

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

EVENTUELT



ÅLESUND KOMMUNE

Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat Iks
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Politisk sekretariat
Saksbehandlar:
Dagrun Lorgen Jensen
Tlf.

Dykkar referanse:

Vår referanse:
21/2039-7 21/73120

Arkivkode:

Dato:
11.07.2021

Spørsmål frå medlemmar i Ålesund kommunestyre om oppfølging av sak - tilsetting av kommunedirektør

I møte i Ålesund kommunestyre 8. juli 2021 fremma tre medlemmar ein protokolltilførsel knytt til sak 174/21 *Tilsetting i stilling som kommunedirektør*. Denne lyder slik:

Vi ber Kontrollutvalget undersøke nøye prosessen i forbindelse med ansettelse av ny kommunedirektør. Spesielt ber vi om at man får vurdert den juridiske vurderingen av grunnlaget for å se på møteavviklingene som arrangement, og ikke som ordinært arbeid. Dessuten ber vi Kontrollutvalget vurdere Rekrutteringsutvalgets arbeid på bakgrunn av at ett av dets medlemmer parallelt og samtidig med dette sjøl var søker til kommunedirektørstilling i nabokommune Giske, med minst en felles søker.

*Hans Kjetil Knutsen (Å)
Thorbjørn Fylling (Frp)
Arnt Ove Tenfjord (V)*

Vi oversender med dette protokolltilførselen, og står til disposisjon for Kontrollutvalet når det gjeld å oversende ytterlegare informasjon.

Med helsing
Dagrun Lorgen Jensen
leiar for politisk sekretariat

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	Ferdig
15.01	01/20	Meldingar	På kontrollutvalet sitt neste møte torsdag 19. mars ønskjer utvalet ei orientering frå rådmann på kommunen sine rutinar knytt til «varsling» som ikkje kjem under arbeidsmiljølova sine definisjonar.	Be om orientering frå rådmann knytt til varsling	✓
	02/20	Oppgåver for kontrollutvalet. Oversikt over sakstypar, årshjul og generell informasjon om arbeidet i kontrollutvalet.	Ålesund kontrollutval tek orienteringa til vitande		✓
	03/20	Rapportering til kontrollutvalet – årsrekneskapen 2019	Ålesund kontrollutval tek orienteringa til vitande		✓
	04/20	Status omkring forvaltningsrevisjon av investeringsbudsjett ref sak 25/19	Ålesund kontrollutval tek oppdateringa til vitande	Status: sjå sak 20/20	✓
	05/20	Møteplan 2020 Ålesund kontrollutval	onsdag 15. januar, torsdag 19. mars, måndag 25. mai, måndag 24. august, onsdag 14. oktober, onsdag 9. desember. Alle dagar kl. 14.00		✓
29.04	06/20	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka		✓
	07/20	Innspel mogelege saker	1. Ålesund kontrollutval ber om ei orientering frå administrasjonen om retningslinjer for garantiar i kommunen. 2. Kontrollutvalet ber om ei oversikt over gjeldande garantiar i Ålesund kommune.	Fått orientering i seinare møte	✓
	08/20	Rapportering til kontrollutvalet – interimrevisjon 2019	1. Ålesund kontrollutval tek rapporten til vitande. Kontrollutvalet ønskjer å bli halde oppdatert på dei områda som krev å følgast opp av revisjonen. 2. Ålesund kontrollutval er sterkt bekymra for dei funna som er avdekt gjennom interimrevisjonen.	Oppdatering på områda frå revisjonen	✓
	09/20	Bestilling av overordna risiko- og vesentlegvurdering	Kontrollutvalet i Ålesund bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innanfor ei ramme på inntil 200 timar. Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem fram i saksframlegget.	Bestilt ROV (sak 16/20)	✓
	10/20	Felles årsmelding 2019 for kontrollutvala i Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sandøy	Ålesund kontrollutval godkjenner den felles årsmeldinga og sender den over til kommunestyret til orientering.	Sendte vedtak KS	✓
25.05	11/20	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka		✓
	12/20	Gjennomgang av arbeidstidsavtale samt bruk av overtidsreglement i nye Ålesund kommune.	Kontrollutvalet takker personalsjefen for orienteringa og tar den til vitande. Kontrollutvalet ønskjer å følge dette temaet vidare	Rettsak om matpause avslutta, kommunen tapte. KS orientert juni 20	✓
	13/20	Årsrekneskapen 2019 Ålesund kommunale eigedom KF	Ålesund kommunale eigedom KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent	Sendte vedtak KS	✓
	14/20	Årsrekneskapen 2019 Møre og Romsdal 110-sentral KF.	Møre og Romsdal 110 - sentral KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent.	Sendte vedtak KS	✓
	15/20	Årsrekneskapen 2019 Ålesund brannvesen KF	Ålesund brannvesen KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent.	Sendte vedtak KS	✓
	16/20	Risiko- og vesentlegvurdering. Innspel og diskusjon.	Ålesund kontrollutval tek saka til vitande og ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering: Budsjettprosess, økonomistyring, oppvekst, omdøme/tillit, arbeidsmiljø/HMS, innkjøp, kommunal eigedomsforvaltning,		✓

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	Ferdig
			aktiva i balansen.		
		Eventuelt	1. Leiar Bente Bruun tok opp ei klage som var komen til alle medlemmane i kontrollutvalet frå Bente Fremmerlid. Kontrollutvalet ønskjer ei vurdering av denne klaga på sitt neste møte 22. juni. 2. Endring av møtedato/møtestad: Møtet som var avtalt 9. juni blir erstatta av nytt møte måndag 22. juni kl. 14.00, sekretariatet sine lokaler i Lerstadvegen 545. Dette fordi fleire årsrekneskapar ikkje vert ferdig til 9. juni.	1. Sjå sak 19/20 2. endre møteplan	✓ ✓
22.06	17/20	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka		✓
	18/20	Orientering om nye varslingsrutinar i Ålesund kommune	Ålesund kontrollutval tek orienteringa til vitande		✓
	19/20	Klage på spreiking av personopplysningar frå Bente Fremmerlid.	Klagen frå Bente Fremmerlid til kontrollutvalet er det ikkje heimel for å behandle i kontrollutvalet. Det ligg utanfor kontrollutvalet sitt arbeidsområde og mynde å ta standpunkt til konkrete klagesaker frå enkeltinnbyggjarar. Ålesund kontrollutval avviser på denne bakgrunnen klagen frå Bente Fremmerlid.	Sende svar	✓
	20/20	Forvaltingsrevisjonsrapport om investeringsprosjekt i Ålesund kommune. (starta i sak 25/19)	1. Kommunestyret viser til konklusjonar til revisjonsrapporten i kapittel 7 og føreset at kommunedirektøren tek rapporten til etterretning, og følgjer opp dei tilrådingar som blir gitt. 2. Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd prosedyremalar innan dei områda som spesifikt blir nemnde i rapporten, for å minimere faren for systemsvikt og manglande kontinuitet i arbeidet med investeringsprosjekt i framtida	Orientering gitt i seinare møte	✓
	21/20	Årsmelding 2019 Skodje kommune	Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Skodje kommune til vitande.	Sende vedtak KS	✓
	22/20	Årsrekneskapen 2019 Skodje kommune	Skodje kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.	Sende vedtak KS	✓
	23/20	Årsmelding 2019 Sandøy kommune	Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Sandøy kommune til vitande.	Sende vedtak KS	✓
	24/20	Årsrekneskapen 2019 Sandøy kommune	1. Sandøy kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent. 2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 ikkje blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev.	Sende vedtak KS	✓
	25/20	Årsmelding 2019 Haram kommune	Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Haram kommune til vitande.	Sende vedtak KS	✓
	26/20	Årsrekneskapen 2019 Haram kommune	Haram kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.	Sende vedtak KS	✓
	27/20	Prosjektrekneskapen 2019 fellesnemnda nye Ålesund	Fellesnemnda nye Ålesund sin rekneskap for 2019 blir godkjent.	Sende vedtak KS	✓
	28/20	Årsrekneskapen 2019 Ingebrigt Davik huset KF	Ingebrigt Davik Huset KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent	Sende vedtak KS	✓
		Eventuelt	Kontrollutvalet ønskjer ei oppdatering frå kommunedirektøren på tilsetjingsstopp i kommunen.	Be kommunedirektør om orientering om tilsettingsstopp (sjå sak 34/20)	✓
17.08	29/20	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka		✓
	30/20	Årsmelding 2019 Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Ålesund kommune til vitande		✓

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	Ferdig
				Send vedtak KS	
	31/20	Årsrekneskapen 2019 Ålesund kommune	1. Ålesund kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent. 2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 ikkje blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev	Send vedtak KS	✓
	32/20	Årsmelding 2019 Ørskog kommune	Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Ørskog kommune til vitande	Send vedtak KS	✓
	33/20	Årsrekneskapen 2019 Ørskog kommune	1. Ørskog kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent. 2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 ikkje blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev	Send vedtak KS	✓
	34/20	Orientering om tilsetjingsstoppen i Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. Kontrollutvalet er gjort kjent med at det ikkje er gjort ein generell tilsetjingsstopp vedtatt av kommunestyret.		✓
	35/20	Budsjettforslag 2021 Ålesund kontrollutval	1. Kontrollutvalet sitt budsjettforslag til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 50.000,-. 2. Ålesund kommune sine kostnader til kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA vurderast til kr 3.500.000,-. Dette fordelast på kr 2.500.000,- til rekneskapsrevisjon/attestering og kr 1.000.000,- til forvaltningsrevisjonar. 3. Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2021, men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr. Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 2 budsjettbehandlingen	Send KS for vedtak	✓
		Eventuelt	1. På sitt neste møte 14. oktober 2020 ønskjer kontrollutvalet ei orientering kring rutinar for tildeling og berekning av tilskot til private barnehagar. 2. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet følgjer opp kommunen sitt arbeide med varslingsnemnd. Det kan vere aktuelt å be om ei årleg orientering til utvalet om dette arbeidet.	1. Be om orientering kring tildeling private barnehager (svart ut 14.10) 2. Be om årleg orientering frå varslingsnemnd	✓
14.10	36/20	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka		✓
	37/20	Meldingar 1. Rekneskapsrevisjon 2019 Ålesund kommune	Kontrollutvalet valde å ta melding nr. 1, «Rekneskapsrevisjon 2019 Ålesund kommune. Brev frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 29. september 2020» til vitande.		✓
	38/20	Presentasjon av revisjonsplan og nytt revisjonsteam for Ålesund kommune	Kontrollutvalet tek orienteringa og revisjonsplanen 2020 til vitande.		✓
	39/20	Plan for forvaltningsrevisjon	1. Ålesund kommunestyre godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgande prioriterte fokusområde: 1. Sjølvkost innan teknisk sektor 2. Kvalitet innan pleie/omsorg 3. Økonomistyring i oppvekstsektoren 4. Rutinar for offentleg innkjøp 2. Ålesund kommunestyre gir kontrollutvalet mynde til å foreta endringar av planen i perioden om det er naudsynt.	Send vedtak til kommunestyret	
	40/20	Forslag til reglement for Ålesund kontrollutval	Ålesund kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement.		✓

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	Ferdig
		Eventuelt	1. På neste møte i kontrollutvalet ønskjer utvalet ei orientering kring rutinar for politisk sluttbehandling av større byggeprosjekt i Ålesund kommune. Sekretariatet vil ta dette opp med kommunedirektøren. 2. Ålesund kontrollutval er kjend med sak frå ÅKE angående kjøp av brakker. Kontrollutvalet er kjend med at ÅKE sitt syn på dette er delt med ordførar og kommunedirektør. Kontrollutvalet forventar at kommunestyret får same orientering.	1. Be om orientering om sluttbeh. av byggeprosjekt (utført 9.12) 2. Be om ÅKE si orientering om bruk av brakker (utført 9.12)	✓ ✓
09.12	41/20	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka		✓
	42/20	Meldingar	Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.		✓
	43/20	Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak om plan for forvaltningsrevisjon	Ålesund kontrollutval bestiller ein prosjektplan innanfor temaet «sjølvkost innan teknisk sektor» som grunnlag for ein forvaltningsrevisjonsrapport. Ein ber kommunerevisjonen merke seg det nye punkt 3 som blei vedteken av kommunestyret. Prosjektplanen skal leverast på neste møte i Ålesund kontrollutval (planlagt til torsdag 28. januar 2021) og være grunnlaget for bestilling av endeleg rapport.	Bestille prosjektplan innan sjølvkost	✓
	44/20	Plan for eigarskapskontroll for Ålesund kommune	1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei eigarskapsmelding for Ålesund kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt i kommunestyret. 2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga. 3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.	Sende kommunestyret for vedtak	✓
	45/20	Møteplan for Ålesund kontrollutval 2021	Kontrollutvalet i Ålesund kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2021: torsdag 28. januar, onsdag 3. mars, onsdag 28. april, onsdag 26. mai, onsdag 18. august, onsdag 13. oktober, onsdag 8. desember.	Oppdatere møteplanen	✓
	46/20	Etterlevelseskontroll frå Møre og Romsdal revisjon SA	Ålesund kontrollutval tek orienteringa til vitande		✓
		Eventuelt	1. Med bakgrunn i bekymringar knytt til lengde på kommunestyremøte, tal på møter, forutsigbarhet knytt til møtestart/møteslutt og forsvarleg handsaming av sakene ber kontrollutvalet om ei sak. Denne saka bør sjå nærare på punkt 4 i reglementet og gjeldande lovverk for å sjå om kommunestyret i Ålesund etterlever desse reglane. 2. Kontrollutvalsmedlem Knut Helge Vestre viste til mottatt e-post frå kommunestyremedlem Malena Strømmen Malakzadeh. Denne e-posten omhandla manglande oppfølging av tidlegare kommunestyrevedtak om å halde barnetrygd utafør berekning av sosialhjelp stønad. Kontrollutvalet diskuterte innhaldet i e-posten og dei ulike opplysningane som kom fram der. Sekretariatet kjende ikkje til saka og ingen fakta opplysningar var henta inn på førehand. Kontrollutvalet blei einige om snarast å invitere kommunedirektør Astrid Eidsvik til møte for å få ei nærare orientering kring manglande oppfølging av vedtaket og årsaka til dette. Sekretariatet kontaktar kommunedirektør Astrid Eidsvik for eit slikt møte.	1. Sak neste møte (sak 6/21) 2. Be om møte med kommunedirektør om saka (utført 15.12)	✓ ✓
15.12	47/20	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka		✓

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	Ferdig
	48/20	Manglande oppfølging av budsjettvedtak 2020: om barnetrygd haldast utanfor berekningsgrunnlag ved sosialhjelp	Ut frå tilgjengelege dokument og kommunedirektøren si munnlege forklaring har kontrollutvalet konkludert med at det føreligger brot på KommuneLOVA § 13-1, og at kommunedirektøren ikkje har etablert gode nok rutinar for å rapportere tilbake til kommunestyret om manglande gjennomføring av politiske vedtak. Kontrollutvalet vil gjere kommunestyret merksam på dette på deira møte 14. januar 2021		✓

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	Ferdig
28.01	01/21	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 15. 12.20		✓
	02/21	Meldingar 1. Reglement for kontrollutval vedtatt i KS	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande		✓
	03/21	Interimrevisjon	Ålesund kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande		✓
	04/21	Prosjektplan for forvaltningsrevisjon	Kontrollutvalet set i gang arbeidet med ein forvaltningsrevisjon innan temaet sjølvkost innan teknisk sektor, i tråd med vedlagte prosjektplan.	Høyringsperiode mai -21 Oversendingsfrist 10.06.21 Behandle ferdig rapport sept -21	
	05/21	Kommunal internkontroll	1. Kontrollutvalet syner til den store betydninga internkontrollen har for den kommunale verksemda. 2. Utvalet bed om å få ei orientering frå kommunedirektøren om arbeidet med internkontrollen i kommunen	Be om orientering frå kommunedirektør om internkontroll (utført 26.05)	✓
	06/21	Arbeidsvilkåra for folkevalde i kommunestyremøta	1. Kontrollutvalet er kjent med at enkelte folkevalde stiller seg kritisk til lengda på kommunestyremøta. Det vert hevda at lange møter med mange saker vanskeleggjer folkevalde sine arbeidsvilkår, reduserer kvaliteten på saksbehandlinga i møta og i enkelte tilfelle kan gå ut over interessa for politisk arbeid. 2. Utvalet finn grunn til å minne om kommunestyret sitt eige reglement der intensjonen er å legge til rette for at dei folkevalde kan utføre oppgåvene sine på ein god måte. Utvalet har merka seg dei utfordringane som følgjer av t.d. talet på representantar og korona-pandemien. Slik som praksis har utvikla seg er det likevel forklarleg at saksomfang og tidsbruk i det enkelte kommunestyremøte har fått auka fokus. 3. Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret som orienteringssak. Utvalet håper at saka kan vere med å betre møtekulturen for Ålesund kommunestyre i framtida	Send vedtak KS	✓
	07/21	Årsmelding 2020 Ålesund kontrollutval	Ålesund kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2020. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.	Send vedtak KS	✓
		Eventuelt	Kontrollutvalet ber om ein gjennomgang av reglene for økonomisk tilskot til privatskolane på barne- og ungdomstrinnet i kommunen	Be kommunedirektør/kommunalsjef orientere (utført 03.03)	✓
03.03	08/21	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 28.01.21		✓
		Orientering om tilskot private skular v/Kommunalsjef Rødal	Kontrollutvalet ønsker å bli halden oppdatert på arbeidet med rutinar, kriteria og berekning av utbetaling til dei private skulane.	Be om årleg oppdatering frå kommunedirektør	✓
	09/21	Meldingar 1. FKT-konferansen 2. Vedtak i KS eigarskapsmelding 3. Vedtak i KS arbeidsvilkår folkevalde	Kontrollutvalet tek meldingane til vitande	Sette opp sak om bestilling av eigarskapskontroll til 01.09	✓
	10/21	Budsjettavvik og rapportering i Årsmeldinga	Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande		✓

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	Ferdig
	11/21	Oppmøding om vurdering av driftsmessige tilhøve ved Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS	Ålesund kontrollutval ber om at det vert henta inn ei juridisk tilråding før utvalet vurderer habilitetsspørsmåla.	Utsett realitetsbehandling, ny sak 13/21	✓
17.03	12/21	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 03.03.21		✓
	13/21	Oppmøding om vurdering av driftsmessige tilhøve ved Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS	Ålesund kontrollutvalg registrerer at vedtektene til Ålesund kommunes administrasjonsbygg AS, samt leieavtale inngått mellom selskapet og selskapets eier Ålesund kommune, kan fremstå som uklare og til dels selvmotsigende. Kontrollutvalget viser til at Ålesund kommune som eier og leietaker har både rett og plikt til å rette opp i dette, med den kompetanse kommunen besitter. Utover ovennevnte finner ikke Ålesund kontrollutvalg grunn til å iverksette vidare tiltak i saken. Dersom Ålesund kommunestyret er av en annen oppfatning ber kontrollutvalget om et tydelig oppdrag.	Sende vedtak KS	✓
28.04	14/21	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 17.03.21		✓
	15/21	Meldingar 1. Påminning FKT-konferansen	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande		
	16/21	Førebels negativ revisjonsberetning	Kontrollutvalet er gjort kjent med nummerert brev 1 frå revisor, datert 28.04.2021 og tek informasjonen til vitande		✓
	17/21	Førespurnad frå Norges Miljøvernforbund	Ålesund kontrollutval avviser å handsame førespurnaden frå Norges Miljøvernforbund på bakgrunn av at det er ei klage på vedtak, sendt til Statsforvaltaren.	Sende svar til Norges Miljøvernforbund	✓
		Eventuelt	Konstituert leiar MR revisjon Kurt Løvoll gav ei kort orientering om status for arbeidet med forvaltningsrevisjon på sjølvkost innan teknisk sektor. Planen er at den skal vere klar rett over sommaren.	Sjå sak 4/21 og sak 30/21	
26.05	18/21	Godkjenning møtebok	Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 28.04.21		✓
		Orientering om internkontroll v/kommunedirektør	Utvalet var særskilt opptatt av internkontrollen kring budsjettkontroll i dei ulike verksemdene og at det er tett oppfølging gjennom leiaravtalen når det er overskridingar.	Svarer ut vedtaket i sak 5/21	✓
	19/21	Meldingar 1. Nummerert brev nr. 1	Kontrollutvalet tek meldinga til vitande		✓
	20/21	Rapport frå revisor etter årsoppgjersrevisjon 2020	Kontrollutvalet tek rapport etter årsoppgjersrevisjon 2020 til vitande		✓
	21/21	Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Ålesund kommune	1. Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapane og årsberetningane 2020 for Ålesund kommune. 2. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på at årsrekneskapane og årsberetningane 2020 ikkje vart levert innan dei fristane kommunelova set.	Sende vedtak KS	✓

Dato	Sak nr.	Sak	Vedtak (eller kommentar til orienteringar og eventuelt)	Oppfølging	Ferdig
			3. Kontrollutvalet viser til at Ålesund Kommune ved utgangen av 2020 hadde eit akkumulert underskot på kr 140,7 mill. Dette set store krav til budsjett disiplin i åra framover.		
	22/21	Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Ålesund kommunale eigedom KF	Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2020 for Ålesund kommunale eigedom KF.	Sende vedtak KS	✓
	23/21	Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Ålesund brannvesen KF	Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2020 for Ålesund brannvesen KF.	Sende vedtak KS	✓
	24/21	Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Møre og Romsdal 110-sentral KF	Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2020 for Møre og Romsdal 110-sentral KF.	Sende vedtak KS	✓
	25/21	Uttale årsrekneskap og årsberetning 2020 Ingebrigt Davik-huset KF	Ålesund kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsberetning 2020 for Ingebrigt Davik-huset KF	Sende vedtak KS	✓
	26/21	Møteplan hausten 2021	Kontrollutvalet vedtek følgjande datoar for sine møter hausten 2021: 1.september, 20.oktober og 1.desember	Korrigere datoar heimeside	✓
01.09					
20.10					
01.12					

Plan forvaltningsrevisjon (FR) og eigarskapskontroll (EK)	FK/EK	bestilling	Prioritet	start	status	høyring	Justert dato	slutt-rapport	Justert dato	
Sjølvkost innan teknisk sektor	FK	Sak 43/20	1	jan	mai/sept	mai		10.06.		
Kvalitet innan pleie/omsorg	FK		2							
Økonomistyring i oppvekstsektoren	FK		3							
Rutiner offentlege innkjøp	FK		4							
Eigarskapskontroll (sjå sak 44/20)	EK	Sak 31/21								